

Forskrift om smitteverntiltak i Osterøy kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av kommuneoverlegen i Osterøy kommune 10. desember 2021 med heimel i [lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 4-1.](#)

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å avgrense spreining av SARS-CoV-2 i ein periode med sterk auke i smittetal i lokalsamfunnet og i nabokommunar, og slik sikre forsvarleg kapasitet i helse- og omsorgstenestene.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle som oppheld seg i Osterøy kommune.

§ 3. Forhold til anna lovverk

Reguleringa i dette vedtaket kjem i tillegg til dei reguleringar som følgjer av lov, nasjonale forskrifter og andre lokalt fastsette tiltak mot smitte. Ved motstrid mellom denne forskrifta og nasjonalt regelverk, går forskrifta framfor fråvikelege reglar i lov og nasjonal forskrift.

§ 4. Plikt til å bruke munnbind

Når det er fare for at det ikkje er mogleg å halde minst ein meters avstand, ut over kortvarige passeringar, til andre enn husstandsmedlemmar, skal det brukast munnbind på alle innandørs offentlege stader, innandørs offentlege arrangement, på kollektivtransport og i taxi.

Med offentlig stad er meint ein stad som er bestemt for alminneleg ferdsel eller stad der slik ferdsel reint faktisk finn stad. At området er privat eigd, og eigaren kanskje heller ikkje ønskjer ferdsel, er ikkje avgjerande dersom slik ferdsel reint faktisk finn stad.

På stader med servering gjeld påbod om munnbind når ein bevegar seg fram til tilvist bord og elles når ein skal bevege seg i lokalet.

Krav om å bruke munnbind gjeld ikkje for:

- barn under 12 år, eller for dei som av medisinske eller andre årsaker ikkje kan bruke munnbind
- elevar i barneskulen
- i undervisningssituasjonar på ungdomsskule og vidaregåande skule
- på arbeidsplassar og for tilsette i butikkar som er beskytta med pleksiglas eller liknande
- utøvarar på idretts- eller kulturarrangement eller liknande
- personar som sjølve driv idrett (treningscenter eller liknande)

§ 5. Smittekarantene for husstandsmedlemmar

Føresegna her gjeld for husstandsmedlemmar og tilsvarande nære (eksempelvis kjærast), til ein person som har fått påvist SARS-CoV-2 med hurtigtest eller PCR frå og med 10. desember 2021, når det ikkje er mistanke om omikronvarianten.

Husstandsmedlemmar og tilsvarande nære (eksempelvis kjærast) til ein person med påvist SARS-CoV-2 skal i karantene i 10 dagar frå siste kontakt med personen med påvist SARS-CoV-2. Dersom ein husstandsmedlem ikkje kan leve heilt isolert frå den som er smitta, skal vedkommande vere i karantene i like lang tid som den smitta er i isolasjon, og vidare i 10 dagar. Karantenen gjeld i alle aldrar, og uavhengig av vaksinstatus og gjennomgått covid-19-infeksjon.

Dei som har karanteneplikt etter denne forskrifta, skal testast med PCR-test så snart som råd, og på dag 7 etter nærkontakten. Ved negativ test på dag 7 etter nærkontakten, kan karantenen avsluttast.

Personar i smittekarantene skal opphalde seg i eigen bustad eller anna eigna opphaldsstad, og kan berre opphalde seg utanfor opphaldsstaden dersom dei kan unngå nærkontakt med andre enn dei som dei bur i lag med. Dei som er i karantene, kan ikkje vere på ein arbeidsplass der også andre oppheld seg, på skule eller i barnehage. Det er ikkje tillate å bruke offentleg transport.

Unntak frå karanteneplikta:

Helsepersonell som er kritisk for forsvarlege helse- og omsorgstenester, og anna samfunnskritisk personell, kan i særskilde tilfelle fritakast frå karantene i arbeidstida, etter individuell vurdering og avtale med arbeidsgjevar. Arbeidstakaren skal ha negativ hurtigtest dagleg før oppmøte på arbeid, i tillegg til å følgje testregimet som er fastsett i denne paragrafen. Det skal også nyttast nødvendig smittevernutstyr på jobb.

§ 6. Ansvar

Osterøy kommune tar ikkje på seg økonomisk ansvar som følge av pålagde tiltak.

§ 7. Straff

Forsettleg eller grovt aktaust brot på reglane i denne forskrifta, blir straffa med bøter eller fengsel inntil 6 månader, jf. [smittevernloven § 8-1](#).

§ 8. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft fredag 10. desember 2021 kl. 12.00 og gjeld til fredag 24. desember 2021 kl. 12.00.